

**Styrkerommet i Aktivitetshuset er omsider klart til å takast i bruk, opplyser leiar i Aktivitetshuset Bjørn Olav Tveit, som held fram:**

**-Tonnevis med stål og bly ligg og ventar på å bli løfta opp og ned, medan ein på kontraproduktive sykklar kan sykle milevis utan å rikke seg av flekken.**

**Alt kan utførast til lystige rytmar frå dertil eigna radiokanal eller medbrakt CD.**



Styreleiar i Aktivitetshuset Bjørn Olav Tveit takkar Damevennene og eldsjelaene Knut Inge Eidsvik og Harald Myhre.

Tveit opplyser at denne veka vil styrkerommet vere ope gratis frå kl 18-20, tysdag - fredag. Då kan ein prøve seg på apparata under rettleiing av røynde instruktørar.

I løpet av veka kan ein kjøpe treningskort, men desse vil ikkje kunne brukast før mandag 22. juni. Styrkerommet vil då vere råd å bruke frå kl 0700-2300 for alle med gyldig kort.

#### **Dette er prisane:**

1 år	kr 1600
½ år	kr. 1000
1 mnd	kr. 250
Studentar	kr. 400,- pr.år
Pensjonistar	kr. 1200,- pr.år
Familiemoderasjon	Familiemedlem nr 2, kr 1 200
	Familiemedlem nr 3, kr 800

Treningskort kan kjøpast ved å setje pengar inn på kontonummer 3460 10 20752. Betalinga skal merkast med 'Styrkerom korttype telefonnummer'. I løpet av nokre dagar vert ditt telefonnummer registrert, og du kan då opne døra ved anrop til døra frå det registrerte nummeret.

- Det er litt magisk, seier Tveit, som held fram:

- Styrkerommet er eit synleg og handfast prov på damevennene sin utrøyttleige innsats for aktivitetshuset, og apparata er for det meste finansiert med damevenn-pengar.

Styret ynskjer også å takke eldsjelaene Knut Inge Eidsvik og Harald Myre. Dei har lagd ned mange timar dugnadsinnsats i både planlegging og oppføring av styrkerommet. I tillegg har dei sagt seg villjuge til å gjere instruksjon til urøynde i oppstartsfasen.

Styret i Aktivitetshuset ynskjer å halde prisane på treningskort så låge som råd. Dette føreset at vi på den andre sida kan minimere utgiftene knytt til styrkerommet.

Med andre ord: vi må saman syte for at apparata vert handsama med varsemd, då sparar vi vedlikehaldsutgifter.

Vi må saman syte for at rommet ser ryddig og reint ut, då sparar vi utgifter til avfallshandtering, sluttar Tveit.